

VIL DU BLI STØTTEKONTAKT/FRITIDSKONTAKT?

Barneverntenesta i Fusa kommune søker positive, trygge og imøtekomande personar til støttekontaktoppdrag for barn og unge.

Akkurat no treng vi støttekontaktar/fritidskontaktar til:

- Gut 13 år som treng å få ei meir aktiv og meningsfull fritid. Han likar bading, kino, turar og dyr.
- Gut, 15 år som treng hjelp til å kunna driva med fritidsaktivitet.
- Jente 11 år som treng hjelp til å få ei meir aktiv og meningsfull fritid.
- Jente 8 år som treng hjelp til å kunna driva med fritidsaktivitet.

Kva inneber det å vera støttekontakt/fritidskontakt?

Støttekontakten/fritidskontakten skal hjelpa den enkelte til å få ei aktiv og meningsfull fritid. Gjennom samvær og aktivitet skal støttekontakten bidra til å auka tenestemottakar si evne til å utfalda seg, meistra ulike sosiale situasjonar, auka trua på seg sjølv og bli kjent med nye menneske og miljø.

- Oppdraget utgjer hovudsakleg 8–12 timar i månaden, 2–3 timar i veka.
- Timane kan nyttast fleksibelt innan kalenderåret i samarbeid med tenestemottakar.
- Det er mogleg å kombinera fleire oppdrag.
- Du må vera over 18 år.
- Du må disponera bil.

Kontakt:

Er du over 18 år og dette er noko du ønskjer meir informasjon om, ta kontakt med barneverntenesta v/Norun T.Teigen:

- tlf: 56580175/ 488 93 665
- e-post: Norun.teigen@fusa.kommune.no

Du finn meir informasjon på www.fusa.kommune.no ved å søkja på Støttekontakt.